



Velkomen til Velledalen. Vinterferie betyr mange tilreisande, særleg på fjellet. Snøen ligg der, så alt burde ligge til rette for ei vellukka veke. Skisenteret i Ladalen har ope kvar dag i tidsrommet 10.00-16.00. Gå inn på www.velledalen.no, der ligg link til Sunnmørsalpane, og slik vil du finne alle tilboda frå Sunnmørsalpane Skiarena, Fjellseter, som drivarane kallar seg.

Joker Velledalen. Kvar vinterferie aukar handelen i nærbutikken til velledalingane, Joker Velledalen, noko Velledalen i Balanse (ViB) både set pris på og er takksame for. Nytt frå butikken: No er Tindemat (økologisk gardsmat frå Sykkylven) tilbake med tindeburger. Prøv den, eller spekepølsa av Fjordfekjøtt, neste gong du stikk innom.

Vi nemner òg at Joker no tilbyr hyttefolk og andre tinging av varer på E-post. Kjem handlelista inn før klokka 13.00 vil handlenetta stå klare til henting klokka 16.00. Framgangsmåten er enkel: Gå inn på www.velledalen.net, vidare inn på ”peikaren” på venstresida og klikk på varebestilling under Joker, og du får opp e-post adressa til butikken.

Opningstider ved Joker Velledalen 10.00-18.00 kvar dag.

Elisabeth Andreassen – billettkjøp. 7. mars (dagen før kvinnedagen) kjem Elisabeth Andreassen til Velledalen grendahus saman med Grand Prix-favoritten Alexander Rybak. Her blir det garantert fullt hus, men enno er det bra med billetter att. Vår oppmoding er: Ikkje nøl, men kjøp deg billett ved Joker Velledalen ! Før du veit ordet av det kan det vere for seint. Grendahuset er trass alt ikkje verdas største konsertlokal.

Natur- og friluftsansjasjonen Fjellhug. Kan vere greitt å vite om denne. Dei skal i teorien vere fagfolk på den lokale fjellheimen. Har du som hyttebuar spørsmål du lurer på (om turar eller liknande) så kontakt Fjellhug. Dei har nyleg halde årsmøte. Namna på det nye styret er: Anita Kjersheim (leiar), Øyvind Fet, Asgeir Tandstad, Egil Astad og

Tidtrøyte.

- 21. februar: Velledalen symjehall: kl 13.00-14.00 babybading – 14.00-18.00 Familiebading
- 22. februar: Turlangrennet Fjellsæterrunden (sjå www.velledalen.net, Link til Velledalen IL).
- 22. februar: Barnas Fjellsæterrunde. Påmelding renndagen – 3 km – start 13.05
- 22. februar: Konsert med Sykkylven storband i Velledalen grendahus klokka 17.00
- 22. februar: Familiebading i symjehallen (i grendahuset) klokka 14.00-17.00
- 23. februar: Badminton i Velledalen grendahus klokka 20.00 (Carol Brunvær kontaktpers.)
- 24. februar: Familiebading (18.00-19.30) – Damebading (19.30-21.00)
- 24. februar: Dametrim (20.00-21.30) kontaktpers. Monica Hole
- 24. februar: Årsmøte i Velledalen sogelag klokka 19.00 – Program etterpå ca 20.00
- 25. februar: Herretrim i grendahuset klokka 20.00 – kontaktpers. Åge Vanebo
- 26. februar: Familiebading 18.00-19.30 – Herrebading frå 19.30-21.00
- 28. februar: Babybading 13.00-14.00 – Familiebading 14.00-18.00

Velledalsfruer til Ingalåmi. Det er viktig at små og store nyhende vert meldt inn. Vi treng stoff til www.velledalen.net og ”DiS”. Slikt stoff kan meldast når som helst og kvar som helst. Akkurat slik det vart gjort av ei velledalsdame som under ein skitur rundt Nysætervatnet melde at Anita Hjorthol, Bjørg Frøystad Hole, Eldrid Myhre og Laila Ødegård no var topptrimma for deltaking i Ingalåmi (Lillehammertraktene). Tre av fruene skulle gå kortdistansen, òi den lengste utgåva. Bravo!!!

Velledalen barnehage .Vi har for tida ledige barnehageplassar i barnehagen her i Velledalen, fortrinnsvis for barn over 3 år, men vi oppfordrar også dei som har yngre barn om å søkje. Så dei som ønskjer barnehageplass allereie no i vår, er velkomen med søknad snarast.

For nærmare informasjon, ta kontakt med styrar/Berit E.Hanken - 70 24 68 54 eller mobil, 90 06 22 29

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.
This page will not be added after purchasing Win2PDF.